



Astrid Marie Tjøstheim Urdal
Flatevad 9
5118 Ulset

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7689 - 22/83543

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
02.11.2022

Adresseendring Hagellia 18- GBNR 185/139 Isdal

Administrativt vedtak: Saknr: 1238/22

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressefordeling:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
185/139	H0101 (B)	Hagellia 18	Hagellia 18A
185/139	U0101 (B)	Ingen	Hagellia 18B

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

I samband med at de har fått løyve til tilbygg og røyrleggarmelding til underetasjen, kjem det fram at det er ein hybel/ leiligheit i underetasjen på denne bustaden som ikkje har vore registrert i matrikkelen. Etter omsøkte tilbygg vert det no ei større bueining i underetasjen.

Vurdering

Adresseendringa er ikkje førehandsvarsla då dette er ei fylgje av pågåande byggesak. Hybel i underetasjen skulle vore registrert frå før. Bygningstypen vert no endra til 112 einebustad med hybel/sokkelleiligheit, då dette er rett bygningstype etter føringsunstruks for matrikkelen.

Utleigebustaden er ikkje godkjent som sjølvstendig bustad pga den ikkje er fysisk atskilt frå hovudbueining. Kravet til fysisk skille er ikkje avgjerande for registrering etter matrikkellova. Her er kravet eigen inngang og tilgang til wc og vatn utan å måtte gå gjennom anna bueining sin hovuddel. Kommunen vurderer det slik at det er separate inngangsdører til desse bueiningane, som då også skal ha tildelt kvar si adresse. Då det ikkje er ledige husnummer


her, vert det nødvendig å bruka bokstavar i tillegg til husnummer. Ved bruk av bokstav skal alle adresser til aktuelt husnummer ha bokstav. Adressa Hagellia 18 vert difor omadressert til Hagellia 18A og utleigeining får adressa Hagellia 18B.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling, og adresseendring er difor utført. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Hagellia.

Endringa er utført i matrikkelen og adresseendringa trer i kraft straks.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme under).

Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyring til sideveg.

Der eigedommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til vegen (der avkøyringa er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/7689»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Astrid Marie Tjøstheim Urdal
Ola Tjøstheim Urdal

Flatevad 9
Flatevad 9

5118 Ulset
5118 Ulset